

FØREBYGGANDE PLAN 2025-2028 - FRAMDRIFTSPLAN 2025

Tiltak 1

Innleiande møte om verktøyet Snakke (snakkemedbarn.no – [Øv deg på samtaler med barn og unge](#))

Møte for einingsleiarar og leiande helsesjukepleiar – 2 timar. Vert halde i april. Innkalling kjem i Outlook. Sjå elles tekst om oppfølging av tiltaket på baksida.

Tiltak 2

Utarbeide rutine for oppfølging av bekymringsfullt fråvær i barnehage

Arbeid tek til i september og rutinen skal vere klar og i bruk innan november. Pedagogisk rådgjevar, Marianne Bolghaug (MB), er hovudansvarleg for arbeidet. Gangen i arbeidet blir slik:

- a) Oppdrag til styrarane (om utfordringa knytt til fråvær i dag)
- b) Barnehagestyrarar og tillitsvalde blir invitert til arbeidsmøte
- c) MB utarbeider forslag til rutine
- d) Gjennomgang av forslag i barnehagane
- e) Utkast til rutine blir presentert i stabs- og barnehagemøte
- f) Gjennomgang og slutføring av rutinen i barnehagemøte

Tiltak 3

Utarbeide rutine for å førebyggje og handtere situasjonar der barn utøver vald

Arbeid tek til i mai og rutinen skal vere klar og i bruk innan august. Pedagogisk rådgjevar, Marianne Bolghaug (MB), er hovudansvarleg for arbeidet. Gangen i arbeidet blir slik:

- a) Oppdrag til styrarane (om utfordringa knytt til barn og vald i dag)
- b) Barnehagestyrarar og tillitsvalde blir invitert til arbeidsmøte
- c) MB utarbeider forslag til rutine
- d) Gjennomgang av forslag i barnehagane
- e) Utkast til rutine blir presentert i stabs- og barnehagemøte
- f) Gjennomgang og slutføring av rutinen i barnehagemøte

Tiltak 4

Implementere Kjentmann og rutine for rusførebygging i Aukra-skolen

Hovudansvarleg: SLT-koordinator, Rita Rydheim Hjellset

Frå mars er det etablert jamleg møteverksemd mellom Kjentmann i skole, ungdomslosar og skolehelsetenesta, koordinert av SLT-koordinator.

Mars: Dato og tidspunkt for tiltak i årshjul i rutine for rusførebygging blir avtalt med involverte partar (politi, psykisk helse og rus, kultur), koordinert av SLT-koordinator.

Tiltaka er forankra i førebyggjande plan og påfølgjande workshop halde 15. januar. Der vart satsingsområde for 2025 prioritert.

I tillegg til tiltaka som er lista på framsida av dette dokumentet, kjem det fleire møte/kurs/arrangement i 2025, knytt til:

BTI-modellen

Stab arbeidar vidare med generell implementering av BTI handlingsrettleiar og stafettlogg.

Individuell plan, alminneleg koordinator og barnekoordinator

Det vil bli jobba med korleis modulane i Visma Flyt Samspill skal nyttast, og korleis dei som skal bruke dei skal få opplæring.

Det skal avklarast kven som skal ha koordinatorrolle (alminneleg koordinator og barnekoordinator), og kven som skal gje opplæring til desse.

Vedrørande verktøyet Snakke

Einings- og avdelingsleiarane som i april er inviterte på møte om bruk av verktøyet, er ansvarlege for at alle tilsette som jobbar med barn/unge jamleg øver seg på Snakke. Det skal rettast spesielt fokus på bruke avatarane som er spesielt relevante for aldersgruppa og brukargruppa den einskilde jobbar med i det daglege.

I workshop 15.1 vart området 2 i førebyggjande plan (s. 12) valt som ei satsing i 2025:

Tilsette som arbeider med barn og unge har kompetanse i å snakke med barn og unge dei er uroa/bekymra for.

Vedrørande rutinar for barnehage

- a) rutine for oppfølging av bekymringsfullt fråvær i barnehage
- b) rutine for å førebyggje og handtere situasjonar der barn utøver vald

Begge desse område er svært aktuelle, og vart framheva i workshop 15. januar som noko Aukra kommune bør få på plass.